



Den tradisjonelle Bøkkervelden vert skipa til i bøkkerverkstaden på Rød fyrstkomande laurdag, som nummer 14 i rekkja.

Kristian Bringedal opplyser at det til no er litt i underkant av 50 påmelde og at det difor er 15 ledige plassar.

Bøkkervelden er open for alle, men tilskiparen ønskjer førehandspåmelding og det kan skje til Bringedal (915 31 487) snarast.

I tillegg til kåseri av professor Dag Helland blir det som tradisjonen tilseier jazz av Kjell Borge Olsen kvartett.

Med i gruppa denne gongen er Ole Jacob Hystad (saksofon), Svein Folkvord (bass), Henrik Borge Olsen (gitar) og Kjell Borge Olsen (slagverk).

På biletet over er kvartetten i aksjon i fjor, men då var Heine Bugge og Morten Kvam med i tillegg til to blad Borge Olsen.